



Byggm Steinar Thunold AS
Sollsmittet 2
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/37 - 18/11446

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

28.05.2018

Godkjenning - igangsettingsløyve, endringsløyve og utsleppsløyve til bustad GBNR 49/158 - Io

Administrativt vedtak. Saknr: 112/2018

Tiltakshavar:

Eirin Larsen og Per-Christian Skjelvik Iden

Ansvarleg s kjar:

Byggmester steinar Thunold AS

S knadstype:

S knad om l yve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Byggmester steinar Thunold AS, har p  vegne av tiltakshavar ,s kt om igangsettingsl yve for Hele tiltaket – oppf ring av bustad, endring av h gdeplassering og utslepp p  Gbnr 49/158.

Rammel yve for hele tiltaket er gitt i administrativt vedtak 14/2018, datert 29.01.2018.

Rammel yve vart gjeve p  vilk r at s knad om igangsetting vert supplert med terrengprofilar og stigningstilh va. Desse vilk r er tilfredsstilt.

Oms kt endringen g r p   kning av h ydeplassering planeringsh gde fr  kote +44,0 til planeringsh gde p  kote +45,5.

Ansvarleg s kjar begrunner endringa slik:

Fordelen med denne endring er st rre enn bakdelen:

1.Tilkomstveien blir ikke s  bratt, se veiprofiler

2.Avl psledningene f r et st rre fall.

3.Mye mindre   skyte ut i bygge gropen

4.Samtlige naboer,har ingen innvendig til endringen. Og det er vel veldig medvirkerne til en endring kan aksepteres uten noe problem.

Sakshandsamingstid:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Bes ksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Søknad var motteke den 07.05.18 ikkje komplett etter SAK § 5.1-5.2. Tilleggsopplysningane vart motteke den 28.05.18 og frist for sakshandsaming etter PBL. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

VURDERING:

Tiltaket ble nabovarsla i samband med søknad om endringsløyve. Det kom ingen merknad i saka.

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og oppdatert gjennomføringsplan, datert 03.05.18. Ansvarleg søkjar innerstar for at tiltaket blir utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf. PBL § 23 - 1.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 11.04.18.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense frå einebustad vist til å vere ca.4,2 meter. Eigar av gnr.49 bnr.36 har i dokument datert 15.05.18 samtykka til at tiltaket (VA-leidningar) kan plasserast over hans grunn.

Det er søkt om planeringshøgde på kote + 45,5.

Vatn og avløp (VA) og utslepp

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med PBL. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til offentleg vassverk og privat avløp i samsvar med vedlagt situasjonskart, datert 12.04.18.

Det er søkt om og gjeve løyve til tilknytning til det kommunale vassverket den 07.05.18

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i saken. Utsleppsløyve gjeld utviding av eksisterande privat felles anlegg med slamavskiljar på 63 m³. Rørleggjar har stadfesta at kapasitet og tilstand på eksisterande anlegg er i orden. Det reinsa avlaupsvatnet vert ført til sjøen i Eikevika.

Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak. Anlegget skal innlemast i kommunalt tømmeordningen.

Eigar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser avkjørsle.

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, veg og plassering i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønns har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønns gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Privatrettslege tilhøve

Eigar av gnr.49 bnr.36 har i dokument datert 15.05.18 samtykka til at tiltaket (VA-leidningar) kan plasserast over hans grunn.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 bokstav a, § 21-4 og § 30-4, igangsettingsløyve og endringsløyve for oppføring av einebustad med tilhøyrande anlegg (interne tilkomstvegar, VA-nett, avløpsanlegg og utandørs parkering) på gbnr 49/158 i Meland kommune i samsvar med søknad om endring og igangsetting, motteke 07.05.2018.

Tiltaket skal utførast i samsvar med situasjonskart, datert 11.04.18 og reviderte tegningene, datert 20.03.18 samt profiltegningene på vegen datert 03.04.18. Planeringshøgda skal endrast til kote +45,5.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av Plan- og bygningslova og avsluttast med søknad om ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Ansvarleg søker er ansvarleg for at tiltaket blir opparbeid i tråd med føresegner gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf pbl § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet om ikkje anna går fram av vedtaket ovanfor. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf pbl § 21-6.

Opplysningane i søknaden om bygning, areal og tiltakshavar blir registrert i matrikkelen, jf Matrikellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje blir sett i gong innan tre år etter at dispensasjon og rammeløyve ble gitt, fell både dispensasjon og løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl. § 21-9.

Meland kommune godkjenner at einebustad på Gbnr 49/158 vert tilknytta kommunalt vassanlegg i samsvar med søknad journalført 07.05.2018 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp»- Kommuneforlaget.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast til kommunen når tilknyttinga er utført.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2018 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- pluss mva per bueining.
- Det må innhentast løyve frå Meland kommune for å kryssa kommunal veg.

Det er erklært ansvarsrett, jf vurderinga ovanfor.

Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova § 20-1, løyve til etablering av anlegget.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vassanlegg og plan- og bygningslova.

Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5, utsleppsløyve for einebustad, 5 pe, på gbnr 49/158 i samsvar med søknad motteke 07.05.18 på følgjande vilkår:

Avlaupet skal gå via privat felles slamavskiljar, der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til sjøen i Eikevika. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak. Anlegget skal innlemast i kommunalt tømmeordningen. Ansvarsrettar vert godkjend slik dei ligg føre, jf plan- og bygningslova.»

Gebyr for sakshandsaming blir ettersendt.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til

fylkesmannen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 112/2018

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- *Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.*
- *Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.*
- *Avkjørsle til offentlig veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.*
- *Rekkefølgekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.*
- *Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.*

Med helsing

Anny Bastesen

Larissa Dahl

sektorsjef teknisk

Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om tilkopling sanitæranlegg GBNR 49/158

Vedlegg.pdf

Søknad om igangsettingsløyve GBNR 49/158

Profiler.pdf

Fasadeteikningar.pdf

Teikning Bunnledning.pdf

Erklæring om ansvarsrett/Gjennomføringsplan

Godkjenning av planeringshøgde.pdf

Bunnledning

Tillegg til igangsettelsesøknad GBNR 49/158

Kopi til:

Eirin Larsen	Lonerenen 11 A	5918	FREKHAUG
Per-Christian Skjelvik Iden	Lonerenen 11 A	5918	FREKHAUG

Mottakarar:

Byggm Steinar Thunold AS	Sollsmittet 2	5136	MJØLKERÅEN
--------------------------	---------------	------	------------